

NotatDato: 14.08.2019
Arkivsak: 2019/2745-11
Saksbehandlar: ashsand

Til:	Utval for miljø og samferdsel Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Ny kontrakt for snøggåtsambandet "Turistrute Hardanger"

Fylkesutvalet fatta den 06.12.18 følgjande vedtak:

- Turistrute Hardangerfjorden vert vidareført frå 2020, og det vert lyst ut anbod på minimum fermårskontrakt, med ønskjeleg driftsperiode 1. april – 31. oktober, pga forlenga turistsesong.*
Det er ønskjeleg med kontrakt som opnar for justeringar tilpassa utvikling av reiselivspakkar.
- Fylkesutvalet forutset eit spleiselag mellom fylket, kommunane og næringsliv i området.*
- Fylkesutvalet ber om muligheten for å legge inn krav om null eller låguslippsteknologi blir vurdert.*

På bakgrunn av overnemde vedtak og innspel frå marknaden, kommunane og næringslivet i regionen (skissert i meldingssak 23.03.19, RS 40/2019), vart konkurranse kunngjort den 29. mars 2019. Følgjande selskap vart kvalifisert og deltok i konkurransen;

- Norled AS
- Boreal Sjø AS
- Fjord1 ASA
- Rødne AS

Tilboda vart evaluert etter følgjande tildelingskriterium;

Tildelingskriterium	Vekt	Detaljer
Pris – ordinært drivstoff	65 %	«Prisskjema» - Totalbudsjett linje R kolumne Total (celle K22).
Pris – opsjon biodrivstoff	10 %	«Prisskjema Opsjon» - Totalbudsjett linje R kolumne Total (celle K22).
Kvalitet	25 %	Tilbyder skal skildre korleis selskapet vil tilrettelegge for positiv utvikling av ruta og reiselivet i regionen. Ei utviding av bookingsystemet til ein open digital plattform som vil utgjere ein marknadsplass for formidling av produkt og tenester frå andre relevante tilbydarar i Hardanger, vil bli evaluert positivt. Tilsvarende vil ein plan for eit godt samarbeid med kommunar og næringsliv som fremmer utvikling vektleggast.

Det vart gjennomført forhandlingsmøte med samtlige tilbydarar. På bakgrunn av nemnde tildelingskriteria vart kontrakt tildelt og signert med Norled AS i starten av juli 2019.

Økonomi

Det er Norled AS som drifter sambandet i dag og Skyss betaler eit årleg tilskot til selskapet på 6,25 MNOK (2019-kroner). Etter at ny kontrakt vert driftssatt vil Skyss betale eit gjennomsnittleg årleg tilskot på 4,36 MNOK i den ordinære kontaktperioden (åra 2020-2024) og 4,88 MNOK dersom ein inkluderer opsjonsperioden (åra 2025-2026).

Fylkeskommunen sin kostnad vil såleis bli redusert med den nye kontrakten. I tillegg legg ein til grunn at fylkeskommunen sine kostnader vil bli ytterlegare redusert då det er signalisert frå Hardangerrådet at kommunar og næringsliv i området vil bidra økonomisk innanfor ei ramme på 500 000 kr per år.

Det er i kontrakten for «Turistruta Hardanger» lagt inn ein opsjon for fylkeskommunen til å krevje at sambandet skal driftast med biodrivstoff. Eventuell utløyning av denne opsjonen må meldast til Norled innan 1. oktober 2019. Dersom opsjonen vert nytta vil fylkeskommunens gjennomsnittlege årskostnad (inkludert opsjonsår) auke til 6,79 MNOK. På bakgrunn av den krevjande økonomiske situasjonen for fylkeskommunen vil fylkesrådmannen med dette varsle om at ein ikkje har til hensikt å løyse ut denne opsjonen.